

Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 01/2020

Dato: 26.08.2020

Tidspunkt: 19.30

Stad: Vinjar skule

Til stades: Jon Bråtveit (leiar fotballgruppa), Øyvind Gjuvslund (nestleiar), Per Even Tjøstheim (leiar skigruppa), Vidar Jørgensen Nærheim (styremedlem), Elisabeth Steine (kasserar), Venke Olene Vaarvik (leiar økonomigruppa), Sveinung Steine (leiar trimgruppa), Helen Moen (leiar) og Kristine Bøe Berge (skrivar).

Forfall:

Andre til stades:

Sak 01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

Sak 02/20 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 03/20 Orientering frå leiar v/Helen Moen Gjuvslund

- Har endra roller og bankkonto i Brønnøysundregisteret. Også lagt inn endringar i Klubbadmin.
- Leiar i Suldal IL vald inn som styremedlem i Idrettsrådet i Suldal. Anette Goa Bråtveit sit som leiar.
- Branninstruks for lånarar av skulelokala er sendt av Vinjar skule til leiar. Denne vert distribuert til hovudstyret og undergruppene. Undergruppene informerer dei aktuelle trenarane og dei som brukar gymsal/garderobar.
- Me har fått tildelt folkehelsemidler via Vinjar skule frå Suldal Kommune til å drifta Allidretts-SFO. Leiar tek kontakt med Jens, som har drifta dette, for å laga ein plan for skuleåret 20/21 og bruken av midlane.
- E-læringskurset «Barneidrettens verdigrunnlag» på nettsida til MinIdrett er eit kurs trenarane som driv med barneidrett i idrettslaget skal ta. Gruppeleiarane får ansvar for å senda ut til sine trenarar. Hovudstyret skal og ta dette kurset. Vidar sender lenke til e-læringskurs til møtedeltakarane.
- Avtale for ballbinge skal reforhandlast i 2023. Fotballgruppa ser på kven som kan inspiser ballbingen og halde vedlikehald, jmf. avtale.
- Status måling av Gymsal/Foajeen: ein kveld att før ein er ferdig. Stillasa kan rivast. Øyvind snakkar med Torbjørn/Øystein og samlar ei gruppe for å ta siste rest. Det har vore godt oppmøte og god stemning på målinga. Takk til alle som har bidrege!
- Idrettslaget har fått midlar frå Sparebanken Vest til å rydda skråning og jubileumsbok (Suldal idrettslag 75 år i 2021). Det er gjort eit kostnadsoverslag for å rydda og utbetra sti/trapp. Øyvind sjekkar med mogleg redaktør.

Sak 04/20 Orientering frå kasserar v/Elisabeth Steine



- Elisabeth har søkt momskompensasjon for idrettslaget.
- Som følge av bankbyte har kasserar og leiar i samråd med ny bank avgjort, pga kort tidsfrist, at medlemsreg.no ligg kun i KlubbAdmin. (Medlemsnett var tidlegare ein del av Sparebank1 og er no eige selskap kor laga må betala for å vere brukarar). Ein ser heller ikkje trong for å duplisera medlemsregisteret, då KlubbAdmin er kompatibelt med Sparebanken Vest sine system.
- Elisabeth fakturerer medlemskontingent i slutten av september. Gruppleiarane sjekkar listene og gir melding til Elisabeth om eventuelle medlem som ikkje skal stå og nye medlem.
- Elisabeth sender oversikt over kontoane til gruppleiarane, slik at dei kan kontera desse ved godkjenning av faktura.
- Elisabeth sjekkar avtalen og ordnar faktura til Suldal Kommune for vask av Gullinghuset, både for sesongvask og nedvask.

Sak 05/20 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Det har vore roleg sidan mars, all aktivitet vart avlyst.
- I juni hadde Suldalsserie-laga (7-15 å) trening. Desse startar opp med Suldalsserie torsdag 27/8. Det blir omlag fem kampar på kvart lag. Det blir ikkje Suldalscup. Me har ikkje kiosk på kampane i haust.
- Suldalsgutane- og jentene trente også litt i juni, og driv nå for fullt med trening og kampar. Dei skal ha omlag 10 kampar kvar. Begge lag har starta greitt; jamne kampar, men ikkje greidd å dra heim siger.
- Seniorfotballen ligg død. Dette er litt bekymringsfullt. Korleis reagerer spelarane på langvarig fråvær, kjem dei tilbake slik at me kan stilla herre- og damelag neste sesong? Me ser ikkje for oss at det blir sesong i år. Håpet har vore at ein kan trenast som normalt, men det håpet heng i ein tynn tråd.
- 6-åringane (1. klassingane) har starta opp med trening om søndagane. Trenar er Anette Goa Bråtveit.

Aktiviteten til fotballgruppa sidan i vår har vore:

- Oppdatera seg på smittevernsreglar gjennom fotball.no og jamnlege møte med Rogaland Fotballkrets på Teams.
- Rydda skråning mot samfunnshus for små og store tre. Foreldre frå miniknott var med på dugnad.
- Den årlege klippinga av gras rundt banen.
- Drege opp vekster langs gjerdet rundt banen. Foreldre frå knott var med på dugnad.
- Førebu oppstart av Suldalsserien; oppdatert trenarar og spelarar på reglar, kjøpt inn og lagt til rette.
- Det skal vera kampvert på kvar kamp, der alle som er innom skal registrerast med namn og telefonnummer.
- Litt «kos» med drakter og organisering av trykking. Nå har me rikeleg med drakter til alle lag, i alle storleikar.
- Organiserer trenarkurs for trenarane i Suldal kommune i regi av FK Haugesund, aldersgruppe 9-12 år dersom nok påmeldte. Dette blir i så fall onsdag 30. september.
- Må ha ein runde med sponsorar i haust:
 - o Skiltsponsorar Prestavikjo – det blei stopp i vår pga korona.
 - o Avtalar med Suldalsgutane- og jentene går ut i år. Nye må på plass.



Sak 06/20 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Etter Mosvatnet rundt vart aktiviteten brått slutt for aktiviteten for ski.
- Oppstart treningane 5.klasse og eldre i juni og no i haust startar dei andre aldersgruppene opp.
- Har vore eitt rulleskirenn i Sauda i august kor idrettslaget stilte med nokre deltakarar, elles ein roleg sommarsesong grunna korona.
- Det er satt inn meir trenarressurs i den eldste gruppa (5.klasse og opp). Gruppa er stor og nivåforskjellane aukar. For å sikra at ein møter deltakarane på treningane på dei ulike nivåa, aukar ein ressursane på trenarsida.
- Skitreninga for dei yngste vil frå hausten omtalast *Skileik*. Det er mykje allidrett ein driv med på treninga og ein har eit mål om at treningane skal famna om fleire.
- Suldal Idrettslag skal saman med Hjelmeland arrangera ein sonesamling for Agder- Rogaland Skikrets, Ryfylke sone, i slutten av september i Gullingenområdet.
- Ein flytter starten av skikarusellen til februar grunna gjentakande utfordringar med snø.
- Idrettslaget vil saman med Hjelmeland søka om å få arrangera del 2 av kretsmeisterskap, som skal gå av stabelen i mars 2021.
- Suldal prøvar å oppretta eit tettare samarbeid med Hjelmeland når det gjeld ski, både på arrangementsida og når det gjeld økonomi. Hjelmeland nyttar Gullingen og Mosvatnet som sitt heimeanlegg.
- Snøproduksjon: kapasitet for straum i eksisterande trafo er noko utfordrande, då allereie eksisterande bygg i området og kraftselskapet treng ein buffer i t.d. tilfelle brann, slik at idrettslaget ikkje kan kopla seg på eksisterande straumtilførsel. Ventar no difor på kostnadsoverslag på å byta ut trafo, slik at ein sikrar straumtilførselen til anlegget. Ein sjekkar og opp moglegheiter for å kunne nytta eit gammalt anlegg til vassuttak for produksjonsanlegget. Ein er og i dialog med Suldal Kommune om å setje inn ny pumpe i det gamle toalettbygget. Leiar og kasserar sjekkar opp forsikringsavtalar for anlegga. Klar til å søkje kommunen om forskotering på midlar for å få starta opp med graving og oppstarten av anlegget no i haust.

Sak 07/20 Orientering frå økonomigruppa v/Venke Olene Vaarvik

- Kiosk utgår så lenge ein ikkje har opna opp meir i samband med Covid-19. Idrettslaget føl med på utviklinga og gjere fortløpande vurderingar for kiosk både for fotball og ski.
- Venke Olene sjekkar status for pantebu v/Gullinghuset med Kari Havrevoll.

Sak 08/20 Orientering frå trimgruppa v/Sveinung Steine

- Sveinung har vore i møte med Suldal Kommune i samband med oppdatering av nye turkart i området Suldalsosen. Idrettslaget v/trimgruppa snakkar med grunneigarane om fornying av eksisterande avtalar om merking og rydding av stiane. Suldal Kommune har laga avtaleutkast og trimgruppa ber kommunen om grensene.
- Det er søkt Suldal Kommune om noko midlar for merking av stiar. Elisabeth sjekkar om desse midlane er komne.

Sak 09/20 Ymse

- Klubbhus er framleis eit ynskje for Suldal Idrettslag å få til for medlema, god idrettskultur og engasjement. Det vart difor i styremøte vedteke at ein skipar eit eige styremøte for å

kartlegga behov og moglege spørsmål idrettslaget har for å kunne få dette til i t.d. eksisterande bygg ved skule/samfunnshus.

- Øyvind oppdaterer og sjekkar at dei som er tilknytt idrettslaget har gyldige politiattestar.
- Vask av offentlege toalett i nytt toalettbygg ved Mosvatnet har vore lagt til idrettslaget. Under Covid-19 er ikkje reinhaldsretningslinjene mogleg for idrettslaget å overhalde og vil be Suldal Kommune finna ein annan ordning. Helen snakkar med Suldal Kommune om dette.



Suldalsosen, 26.08.2020

Kristine Bøe Berge, skrivar